



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 02.05.2017
Tidspunkt: 14:00 – 17:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Gisle Gardar Øye	Vibeke Bohre Våge	H

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Hilde-Lill Våge	Konstituert rådmann – i PS 13/17 og RS 09/17
Ragnhild Lønningdal	Kommuneplanleggar – i PS 13/17 og RS 09/17
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 11/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 12/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 13/17	Orienteringssak om vidare arbeid med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll		2014/226
PS 14/17	Vurdering av handsaming av konsesjonssak i Samnanger kommune		2016/97
PS 15/17	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 - Samnanger kommune		2016/79
PS 16/17	Referatsaker		
RS 8/17	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 9/17	Melding om 2. rapportering vedk. tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid		2015/135
RS 10/17	Melding om vedtak i kommunestyret vedr. Årsmelding for kontrollutvalet for 2016		2016/81
RS 11/17	Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn		2017/40
RS 12/17	Barnevern		2014/364
PS 17/17	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 18/17	Eventuelt		

PS 11/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 12/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 13.02.17.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 13.02.17 vart samrøystes godkjent.

PS 13/17 Orienteringssak om vidare arbeid med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll

Forslag vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll. Det har vore ei utfordring at ein ennå ikkje hart fått på plass eit tenleg delegasjonsreglement. I arbeidet med eit heilheitleg internkontrollsystem vert det nytta verktøy frå KF (Kommune-Forlaget), og det vart vist døme på bruken av dette.

Kommunen har gjort mykje når det gjeld å få på plass styringsverktøy for overordna internkontroll og verktøy for kvalitetsstyring. Ein er nå i ferd med å ta i bruk eit avvikssystem som skal dekke dei fleste av kommunen sine oppgåver. Også system for oppfølging av politiske vedtak og rapporteringsrutinar vert det arbeida med.

Kommuneplanleggar Ragnhild Lønningdal orienterte om ROS (Risiko- og sårbarheits-analyse) i kommuneplanen sin arealdel. Det vart vist døme på ROS-analyse for utbyggingsområder.

Kontrollutvalet fekk koma med kommentarar og spørsmål, som det vart svara på. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følgt opp også i tida framover. Ein vil såleis be om ei ny orientering i starten av 2018. Vedtak som blei fatta var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsystem er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følgt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.

PS 14/17 Vurdering av handsaming av konsesjonssak i Samnanger kommune

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurderer om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte notat / rapport vedr. konsesjonssak, og revisjonen sine vurderingar etter at dei har gjennomgått saka.

Kontrollutvalet drøfta det som er kome fram og dei vurderingar som er peika på i notatet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurderer om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.

PS 15/17 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 - Samnanger kommune

Forslag til uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at målsetjing for tal gjennomførte arbeidsgjevarkontrollar ikkje er oppnådd i 2016, men at grunnen til dette er at ein kontroll som vart starta i 2016 ikkje vart ferdig innan årsskiftet.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta og kommenterte årsrapportane som låg føre vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at målsetjing for tal gjennomførte arbeidsgjevarkontrollar ikkje er oppnådd i 2016, men at grunnen til dette er at ein kontroll som vart starta i 2016 ikkje vart ferdig innan årsskiftet.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

PS 16/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått:

- RS 08/17 – Utvalet sitt kvarter
- Ingen saker var melde til utvalet sitt kvarter.
- RS 09/17 – Melding om 2.rapportering vedk. tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid
- Kommuneplanleggar og fung. rådmann orienterte om arbeid med ROS-analyse og rapportering etter tilsyn frå Fylkesmannen. Referatsaka teke til orientering.
- RS 10/17 – Melding om vedtak i kommunestyret vedr. Årsmelding for kontrollutvalet for 2016
- Referatsaka teke til orientering.
- RS 11/17 – Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn
- Referatsaka teke til orientering.
- RS 12/17 – Informasjon om barnevern frå Forum for Kontroll og Tilsyn
- Referatsaka teke til orientering.

Vedtak:

Referatsakene vert teke til orientering.

PS 17/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar vart gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Det vart kommentert at det ofte tek noko tid før møteprotokollar vert lagt ut på heimesida til kommunen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 18/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2017

Handsaming i møtet:

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.